

Biologisk mangfald – naturen sin artsrikdom

Kvifor er dette så viktig?



Samspelet i naturen er sårbart – det svakaste leddet kan få ei heil kjede til å ryka. Men me veit ofte ikkje kva for eit ledd som er viktigast.

Menneska er ein lekk i denne kjeda. Me får all mat og drikke frå naturen. Kanskje er vatnet vårt viktigaste ledd?

Skogen er avgjerande i vatnet sin syklus og reinseprosess.

Mangfaldet av insekt er viktige for skogen, og blomar, mosar og lav er viktige for insekta att.

Blåbær vert rekna som ein nøkkelart i skogen fordi det er så mange dyr som er avhengige av blåbær som fôr.

Her kan du sjå ein stein som ser heilt vanleg ut. Det er den og, men ta ein nærare titt og sjå på kor mange artar som lever på og kring denne steinen!

Kven er viktigast trur du? Steinen? Mosen? Laven? Insekta? Trea? Eller er det summen av dei som er viktigast?

KOR MANGE ULIKE SORTAR PLANTER OG DYR GREIER DU Å FINNA PÅ FEM MINUTT?